

**Noregs vassdrags- og energidirektorat**  
**Postboks 5091 Majorstua**  
**0301 Oslo**

|                |                     |
|----------------|---------------------|
| Eikelandssosen | 05.09.2014          |
| Dykkar ref.    | Erlend Støle Hansen |
| Vår ref.       | Torfinn Kolle       |
| Arkivnr.       |                     |
| Saksbehandlar  | Torfinn Kolle       |
| Sider          | 8                   |

**Kommentarar til høyringsfråsegner vedrørande konsesjonssøknad for Jarlshaug kraftverk, Samnanger kommune, Hordaland fylke.**

*Innleiing, bakgrunn*

Vi har frå NVE motteke dei fråsegnene som har kome inn under høyringsrunden for Jarlshaug kraftverk, og skal få gje våre kommentarar til desse.

Det har kome fråsegner frå:

- ☐ Samnanger kommune
- ☐ Fylkesmannen i Hordaland
- ☐ Hordaland fylkeskommune
- ☐ BKK Nett
- ☐ Statens vegvesen Region vest
- ☐ FNF Hordaland
- ☐ Naturvernforbundet i Hordaland
- ☐ Norges Miljøvernforbund

Fråsegnene frå dei ulike høyringspartane varierer sjølvstøtt i.h.t. ståstad, oppfatningar mv. Desse kan vera velgrunna og spesifikke, eller dei kan vera generelle, prinsipielle eller subjektive. Mange av fråsegnene gjev eit godt høve til avklaringar.

Fleire tema synest å gå att i mange av fråsegnene. Vi har då valt å kommentera desse inngåande ein stad, og så visa til desse der dei dukkar opp seinare.

Nedanfor oppsummerer vi uttalanene og kommenterer desse i høve til konsesjonssøknaden.

### Samnanger kommune

Av saksutgreiinga for naturutval og kommunestyret i Samnanger går det fram at utbygging av Jarlshaug kraftverk framstår for kommunen som lite konfliktfylt med tanke på natur, miljø og landskap. Med vedtak i sak NAT-039/14 (Naturutvalet) og KS-038/14 (Kommunestyret) stiller Samnanger kommune seg positiv til utbygging av Jarlshaug kraftverk.

### Jarlshaug Kraft AS sine kommentar:

Søkjar har ingen kommentar til Samnanger kommune sin uttale til konsesjonssøknaden for Jarlshaug kraftverk.

### Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland konkluderer med å frarå konsesjon med grunngjeving vassdragsvern sjølv om det av saksutgreiinga framgår følgjande:

*«Bygging av Jarshaug kraftverk vil ikke redusere konkrete, påviste verneverdier i det verna vassdraget. Isolert sett er det derfor vanskelig å påvise tap av spesielle verneverdier knyttet til vernevedtaket. «*

Det vert lagt vekt på Eikjedalsvassdraget som referansevassdrag som grunngjeving for å frarå konsesjon.

Vidare viser Fylkesmann til at Samnangervassdraget er anadromt, men stadfester at vandringshinderet for anadrom fisk er like nedstrøms stasjonen. Av omsyn til anadrom fisk, meiner Fylkesmannen at inntaket ved eventuell utbygging må utformast slik at ein unngår gassovermetting. Det bør i tillegg etablerast omløpsventil i kraftverket og utløpet bør etablerast lengst opp mot fossen.

### Jarlshaug Kraft AS sine kommentar:

Søkjar legg til grunn at når Stortinget opna for at ein kan søkja konsesjon for micro-/minikraftverk med inn til 1MW installert effekt i verna vassdrag, så var det også Stortinget sin intensjon at det skal gjevast konsesjon etter vassressurslova dersom dette ikkje har negative følgjer for dei verdiar som vart lagt til grunn for vernet. Ein kan såleis ikkje sjå anna enn at Fylkesmannen konkludera i strid med Stortingets intensjon.

Med omsyn til Eikjedalsvassdraget som referansevassdrag viser ein til **NNI-Rapport 256 Miljøstatus i Eikjedalselvi, Hordaland, basert på analyse av bunndyr som bioindikatorer pt. 6.6.1 Vassdragets verdi som referansevassdrag** (vedlagt) der konklusjonen er følgjande:


*«Av de undersøkte elvene er det kun sideelvene Jarlandselva, Kvannevikselvi og Teigaelva som har tilstrekkelig god nok miljøtilstand til å være aktuelle for vurdering som referanseelv. Jarlandselva og Kvannevikselvi er imidlertid påvirket av inngrep ved at det i flere år er blitt kalket øverst i elvene, i tillegg blir det satt ut fisk. Disse elvene kan derfor ikke sies å være elver hvor "de naturlige prosessene har fått virke fritt". Kravet til referanseelver i henhold til NVEs definisjon er derfor ikke innfridd.»*

Ut frå konklusjonen i NNI-Rapport 256 kan ikkje Fylkesmannen si vurdering av Jarlandselva (og Eikjedalsvassdraget) som referansevassdrag vektleggjast i samband med konsesjonsavgjerd etter vassressurslova.

Vandringshinderet for anadrom fisk er ved utløpet frå kraftstasjonen, så fråføring av vatn på utbygd elvestrekning påverkar ikkje gyte- og oppvekstvilkåra for laks og sjøaure. Får å hindra gassovermetting i utløpsvatnet frå kraftstasjonen skal inntakskammeret og inntakskonuss utformast slik at ein unngår å dra inn luft i trykkrøyet. I kraftstasjonen vert det installert ein Pelton turbin som medfører at vatnet vert utlufta før det renn attende i elva, og såleis unngår ein problem med gassovermetting.

Med omsyn til nytten av installasjon av forbisleppingsventil må det sjåast i høve til topografi mellom utløp frå kraftstasjonen og samløp med Eikjedals-/Frølandselva, ei strekning på om lag 25 – 30 m, og vassføring i Jarlandselva før og etter naudstopp av kraftverket.

Analyse av vassføring nedstraums utløp frå kraftstasjonen viser at det er berre ved sært lav vassføring at ein omløpsventil kan ha nemnande nytte, sjå figur 1. Ved lave vassføringar vil fisk som står i elva etablere seg i dei kulpar som finst på den korte elvestrekninga med til samløpet med hovudelva. Bortfall av noko vassføring for ei kortare tid ved nødstop, vil difor ikkje føra til auka risiko for stranding av fisk.



Figur 1. Vassføring nedstraums kraftverket før og etter nødstop.

### Hordaland fylkeskommune

- Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Jarlshaug Kraftverk.
- Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
- Forholdet til freda kulturminne nær tiltaksområde må avklarast før iverksetjing av tiltak og desse må merkast godt under anleggsarbeidet slik at dei ikkje vert skadde.
- Jarlandselva ligg i eit verna vassdrag. Det er særskild viktig at planlagt installasjon til eit eventuelt kraftverk ikkje overstig 999 kW.
- Det skal leggjast stor vekt på tilstrekkeleg minstevassføring.
- Vassleppet frå stasjonen må etablerast slik at tilhøva for fisk i kulpen/djupålen ikkje vert svekka.
- Av omsyn til fisk og andre vasslevande organismar må forbisleppingsventil vurderast.
- Det er særskild viktig at ikkje avlaupet frå kraftstasjon, eller anna inngrep, kjem i konflikt med lakseførande elv.
- For å redusere negative effektar på landskapskvalitetane, naturtypar og enkeltstående objekt, må det takast omsyn til dette under stikking av vassveg.
- Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene. Under anleggsarbeidet skal det vere fokus på å unngå inngrep utover dei areal der inngrepa er uunngåelege.
- Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal vurderast

### Jarlshaug Kraft AS sine kommentar:

Søkjær vil imøtekomma undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven ved å leggja fram plan for miljø og landskap for kulturminnemyndigheita i fylkeskommunen til godkjenning før anleggsstart, jf. §3 og §8 i kulturminnelova.

Med omsyn til ivaretaking av registert automatisk freda kulturminne nær tiltaksområdet, vil ein i anleggsfasen tydeleg markera kulturminnet med høveleg stor sikringssone og ha stor fokus på dette for ikkje å skada det. Viser elles til kap.4.8 i konsesjonssøknaden der det går fram at søkjær etter avslutta anleggsarbeid vil i samråd med fagmynde for kulturminne, vurderer rydding og oppsett av informasjonsplate vedrørande aktuelt kulturminne.

Med omsyn til installert effekt, minstevasslepp m.m. vil søkjær sølvsagt retta seg etter konsesjonsvilkåra som vert fastsett av NVE.

Vedrørande akvatisk miljø og fisk viser ein til kommentar vedrørande Fylkesmannen si høyringsfråsegn.

Omsynet til landskap m.m. vil verta innarbeidd og ivareteken gjennom plan for landskap og miljø godkjent av NVE.

Vedrørende omsyn til fossekall vert det vist til kommentar tilknytt høyringsfråsegn frå FNF Hordaland.

#### BKK Nett

BKK Nett opplyser at det ikkje er ledig kapasitet i regionalnettet. Det er behov for både økt 300/132 kV transformatorkapasitet og økt 132/22 kV transformatorkapasitet i Samnanger. BKK Nett planlegger å etablere nye transformatorer i Samnanger transformatorstasjon innan år 2016. Tiltakshavar er informert om estimert anleggsbidrag for nødvendige tiltak i distribusjonsnettet.

#### Jarlshaug Kraft AS sine kommentar:

Søklar er informert om storleik på anleggsbidrag tilknytt oppgradering av nettet, og meldt attende til BKK Nett at ein framleis ønskjer nettilknyting for Jarlshaug kraftverk. Anleggsarbeidet vil ikkje starta før det er inngått avtale om nettilknyting med BKK Nett.

#### Statens vegvesen Region vest

Statens vegvesen har ingen merknad til søknaden.

#### Jarlshaug Kraft AS sine kommentar:

Ingen kommentar.

#### FNF Hordaland

Primært krev FNF at prosjektet vert gjeve avslag grunna verneverdiane i vassdraget . Sekundært at det vert kravd tilleggsutgreiingar vedr. temaet biologisk mangfald, sidan konsulentrapporten verkar mangelfull ift. moment som td. anadrom strekning og naturtypar. Det vert mellom anna vist til observasjon av fisk, fossekall og vintererle (jf. Rådgivende Biologer sin rapport nr. 1343) og bekkekløft aust for røyrtaséen.


#### Jarlshaug Kraft AS sine kommentar:

Vedrørende verneverdiane i vassdraget vert det vist til høyringsfråsegna frå Fylkesmannen i Hordaland der det går fram at tiltaket ikkje påverkar dei verdiar som ligg til grunn for vassdragsvernet, og søklar sin kommentar til vassdraget (Jarlandselva) sin verdi som referansevassdrag.

FNF Hordaland set sekundært fram krav om tilleggsutgreiing vedrørende biologisk mangfald basert på etter deira syn manglande avklaring for:

- Anadrom strekning: Viser til Fylkesmannen sin utale om at vandringshinder for anadrom fisk er ved utløpet for kraftstasjonen. Frå dette punktet i Jarlandselva og ned til samløp med Eikjedals-/Frølandselva er det om lag 25 -30 m. FNF Hordaland viser også til eigen observasjonar av fisk på aktuell elvestrekning, som er vesentleg større enn det som er omtalt i Miljørapporten (vedlagt konsesjonssøknaden). Av Miljørapporten pt. 3.4.1 går det fram at Samnanger Jeger og Fisk set ut lakseyngel i kulpen ved vandringshinderet. Som følge av ulike observasjonstidspunkt vil talet fisk på aktuelle elvestrekning variera mykje pga. yngelutsett, og mengda er ikkje eit resultat av at Jarlandselva er nytta som gyteområde for anadrom fisk.

- **Fossefall og vintererle:** Viser til figur.2 kart over observasjon av fossefall og vintererle i Jarlandselva og andre elvar i området. Observasjonen i Jarlandselva er nedstrøms utløpet fra kraftstasjonen, og vassføringa her vert ikkje påverka av tiltaket. Elles vil ein også peika på dei mange observasjonane av nemnde fugleartar i Storelva og Tysseelva som har vore sterkt regulert i meir enn 100 år. Det tyder på at ei bergensa fråføring av vatn frå Jarlandselva (gjennomsnitt restvassføring forbi inntak om lag  $1,75 \text{ m}^3/\text{s}$ ) har ubetydeleg konsekvens for fossefall og vintererle.



Figur 2. Kart frå rapport 1343 Rådgivende Biologer: Registrerte naturtyper, viltområder og artsforekomstar, inkl. rødlistearter. Kilde: Direktoratet for naturforvaltning, Artsdatabanken, Olav Overvoll, Linn Eilertsen, Kjetil Mork, Per Gerhard Ihlen og Geir Helge Johnsen.

- Bekkekløft aust for røyrtaséen: Når FNF Hordaland viser til potensiell bekkekløft aust for røyrtaséen basert på opplysningar i Miljørapporten, tyder det på at dei ikkje har sett seg godt inn i teknisk plan omtala i konsesjonssøknaden. Røyrtaséen er planlagt frå inntak til stasjon på austsida av Jarlandselva, og observasjonen omtala under pt. 3.3.4 i Miljørapporten av ein næringsrik høg bergvegg aust for røyrtaséen kan difor ikkje vera knytt til Jarlandselva. Dessutan ligg den nemnde bergveggen utanfor influensområdet til tiltaket. Noko som ei seg sjølv indikerer at forskar Dr. philos. Hans H. Blom ([http://www.skogoglandskap.no/personer/1447/person\\_view](http://www.skogoglandskap.no/personer/1447/person_view)) har gjort eit grundig arbeid tilknytt feltarbeidet vedrørande registrering av biologisk mangfald.

#### Naturvernforbundet i Hordaland

Naturvernforbundet i Hordaland meiner det ikkje er tatt tilstrekkelig omsyn til naturmangfaldet i søknaden slik den føreligg i dag, og går følgeleg imot utbygging av Jarlshaug kraftverk. Det vert spesielt peika på naturtypar som fosseenger, bekkekløft (etter Naturvernforbundet si vurdering) nede ved utløpet frå kraftverket, samt artsrik bergvegg aust for røyrtaséen, anadrom fisk og ål.

#### Jarlshauq Kraft AS sine kommentar:

- Fosseenger: Søkjar meiner at fagpersonane som har synfart influensområdet er godt fagleg kvalifiserte, og finn ikkje grunn til å stilla spørsmål ved deira verdi- og konsekvensvurdering.
- Bekkekløft: Forskar Dr. philos. Hans H. Blom, som mellom anna har vore prosjektleiar for «Bekkekløftprosjektet - naturfaglige registreringar i Rogaland 2008», har ikkje vurdert dette som ei bekkekløft med potensiale funn av raudlisteartar.
- Artsrik bergvegg: Viser til søkjar sin kommentar vedrørande denne tilknytt høyringsfråsegna frå FNF Hordaland.
- Anadrom fisk: Viser til søkjar sin kommentar vedrørande anadrom fisk tilknytt høyringsfråsegna frå FNF Hordaland.
- Ål: I Artsdatabanken er det ikkje oppført ål i Samnanger vassdraget eller Jarlandselva.

Når Naturvernforbundet skriv at vassføringa i elva mellom dam og stasjon vert redusert med 20 % i sommarsesongen og 38 % i vintersesongen, er det ikkje rett. Analyse av vassføring frå 1988 – 2012 viser at 14,8 % av sommarvassføringa og 26,4 % av vintervassføring ved inntaket går gjennom kraftverket.

#### Norges Miljøvernforbund

Miljøvernforbundet krev avslag på Jarlshauq minikraftverk med grunngjeving i aukande kraftoverskot og konsekvens for miljø og landskap.

#### Jarlshauq Kraft AS sine kommentar:

Søkjar viser til kommentarar tilknytt høyringsfråsegner frå Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og FNF Hordaland når det gjeld miljø og landskap. Argumentet om aukande kraftoverskot ønskjer ikkje søkjar å kommentera.

Elles syns det å gå att hjå alle som har gitt høyringsfråsegn vedrørande miljø og biomangfald at dei ikkje legg vekt på at det i denne utbygginga vert betydeleg restvassføring i Jarlandselva (om lag  $1,75 \text{ m}^3/\text{s}$  i gjennomsnitt forbi inntak og om lag  $2 \text{ m}^3/\text{s}$  oppstraums stasjon), og at endring i flaumvassføring knapt verk merkbar.

Med helsing

Jarlshaug Kraft AS

*Tove Hjartnes Fosså*

Tove Hjartnes Fosså

Dagleg leiar

Saksutgreiar

*Torfinn Kolle*

Torfinn Kolle